

**TELEMARK**  
**FOLKEMUSIKKLAG**

**ÅRSMØTE**

**2016**

**onsdag 27. april kl. 18.00**

**Gullbring kulturanlegg      Bø**

## **SAKSLISTE FOR ÅRSMØTET**

### **Årsmøtet**

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling og sakliste.
3. Val av møteleiar og referent, samt to protokollunderskrivarar.
4. Opprop
5. Årsmelding 2015
6. Årsrekneskap 2015
7. Arbeidsplan og budsjett 2016
8. Innkomne saker
9. Val

## **SAKER FOR REPRESENTANTSKAPET**

### **Orienteringar, ordskifte og vedtak**

1. Ny nettside
2. Telemark folkemusikksenter
3. Opplegg for UngFolk 2016
4. Tiltak for unge talent
5. Tiljetakt – status - vidareføring

#### 4. OPPROP

Medlemslag 31.12.15 (tal frå FolkOrg) :

	LAGSNAMN	RØYSTER	MEDLEM
1	Bø dansarring	2	19
2	Bø juniorspelemannslag	2	16
3	Falkeriset folkemusikklag	2	53
4	Fjellrosa spel- og dansarlag	2	21
5	Fossegrimen folkemusikklag	2	26
6	Gransherad spel- og dansarlag	2	17
7	Nes nasjonale dansarring	2	56
8	Seljord folkemusikklag	2	32
9	Spelemannslaget Bøheringen	2	20
10	Spelemannslaget Sullarguten	2	4
11	Spelemannslaget Vårlengt	2	20
12	Tinn spelemannslag	2	41
13	Tuddal spelemannslag	2	8
14	Vinje dansarring	2	13
15	Vinje spilemannslag	2	11
			5
	Æresmedlemmer		
	<b>Totalt medlemstal pr. 31.12.15</b>	<b>30</b>	<b>321</b>

**I TFL sine vedtekter heiter det:**

I følgje prøveordninga som gjeld frå 2014 til 2016 kan alle medlemslaga stille med 2 representantar med stemmerett.

## 5. ÅRSMELDING 2015:

### 5.1. Styret og andre verv:

Årsmøtet 2015 blei halde onsdag 29. april i Gullbring kulturanlegg. Tillitsverv vart i 2014 valde for ein 2-årsperiode og er slik:

Leiar	Kjell Stundal	2 år
Nestleiar	Bjønn Rue	2 år
Styremedlem	Rønnaug Larsen	2 år
Vara	Inger Lien	2 år
Vara	Lars Ingar Meyer Fjeld	2 år
Vara	Ole Arnfinn Hagen	2 år
Vara	Gudrun Straand	2 år
Revisor	Harald Omnes	2 år
Valnemnd	Ottar Kaasa	2 år
Valnemnd	Aslaug Kostveit	2 år
Rekneskap	Heidi Vege TKN	*
THM	Torgeir Straand	2 år

### 5.2. Møteverksemd:

Styret har i 2015 hatt 4 møter samt årsmøte og eit møte i representantskap/folkemusikkforum. Det er behandla 21 saker og det er orientert om 5 saker i tillegg.

### 5.3. Medlemsskap i andre organisasjonar:

**Telemark fylkeslag (TFL) er medlem i hovudorganisasjon FolkOrg.** TFL er også medlem i paraplyorganisasjonen **Telemark kulturnettverk (TKN)** og kan stille på årsmøtet med 2 representantar. TFL inviterer også til **Telemark folkemusikkforum** som ein uformell møteplass for ulike folkemusikkaktørar i fylket – lag, festivalar, arkiv, arrangørar, hardingfelesenter osb. Denne møteplassen vert kombinert med representantskapsmøtet i september. TFL er og ein av fleire stiftarar av Telemarkfestivalen og har fast plass i årsmøtet til festivalen. I 2015 vart Telemark folkemusikksenter formelt stifta med TFL som ein av fire (fem) aktørar.

#### **5.4. Medlemmar i 2015:**

##### Lokallag:

15 lokallag med i alt **321** medlemmer har vore tilslutta TFL i 2015.

##### Direktemedlemmar:

TFL har hatt 4 direktemedlemmer busett i og utanfor fylket i 2015.

##### Heidersmedlemmar utnemnt av Folkorg::

Halvor Lisland - Vårleengt, Leif Neset - Fossegrimen, Ellen B Norstoga – Vinje dansarring, Knut Buen – Tuddal spelemannslag, Olav Øyaland – Tinn spelemannslag, Johan BojernmVaa- Falkeriset , Agnes Buen Garnås- Bøheringen

##### Heidersmedlemmer oppnemnt av Telemark folkemusikklag:

Tarjei Romtveit, Vinje, Audun Norheim, Rauland, Bergit Dahle, Rjukan, Vesla Torjussen, Porsgrunn, Hauk Buen, Jondalen,

#### **5.5. Fylkeskappleiken 2015:**

Fylkeskappleiken 2015 vart halden i Bø med spelemannslaget Bøheringen, Bø dansarring og Bø juniorspelemannslag som arrangørar  
Resultatliste på: [www.folkemusikk.no](http://www.folkemusikk.no)

#### **5.6.1. Landskappleiken 2015:**

Fullstendig resultatliste på [www.folkemusikk.no](http://www.folkemusikk.no) )

#### **5.7. Torkjell Haugeruds Minnefond (THM):**

THM blei stifta i 1967. Styret er sett saman av tre personar, ein frå kvar av desse organisasjonane: FolkOrg ( tidl. Landslaget for Spelemenn), Telemark Ungdomslag (TU) og Telemark Folkemusikklag (TFL). Styremedlemmane oppnemnast gjennom valprosessen til årsmøta i dei tre organisasjonane for tre år av gongen, men slik at eitt av styremedlemma er på val kvart år.

Årsmeldinga finn du som vedlegg 2.

#### **5.9 Vår- og haustkurs**

Vårkurset vart avlyst på grunn av svak påmelding. Tilskotet frå KOMP vart overført til haustkurset som Fjellrosa i samarbeid med Bø juniorspelemannslag gjennomførde med over 30 deltakarar.

#### **5.10 UngFolk**

UngFolk 2015 vart gjennomført i Gullbring kulturhus med 31 deltakarar og gjennomført med 10 lærarar. Telemark kulturnettverk v/ Kjell Stundal var hovedansvarleg for administrasjon og gjennomføring av kurset i samarbeid med Ingebjørg Lognvik Reinholt. Rapport for UngFolk finn du som vedlegg 3.

#### **5.11 Bygda dansar framdrift 2015**

Bygda dansar-Telemark hadde kick-off under Seljordskappleiken 20.-21. september 2013 og har hatt sitt nest siste driftsår i 2015. Prosjektet vert avslutta sumaren 2016 med eigne framsyningar på folkemusikkscena i Oslo og på Telemarkfestivalen 19. august 2016.

## **5.12 Oppsummering av arbeidsåret:**

I 2015 har styret vektlagt å arbeide med fylgjande saker:

**Kurs** Styret har fordelt haust- og vårkurs til lokale lag med eit tilskot på kr. 10.000 frå fylkeslaget. Vårkurset i regi av Bø juniorspelemannslag vart avlyst på grunn av dårleg påmelding. Tilskotet frå Komp vart overført til haustkurset som vart arrangert av Fjellrosa i Notodden i samarbeids med Bø juniorspelemannslag.

**UngFolk** Sommarskulen UngFolk er eit tiltak i regi av TFL og eit regionalt kurs som dekkar regionen Sør-Vest. Rekneskapen for tiltaket vert ført som eige prosjekt i fylkeslaget sitt rekneskap. Det er skrive eigen rapport for tiltaket. Sjå vedlegg.

**Talentutvikling** Styret har vore opptatt av å få større fokus på å hjelpe dei spesielt interesserte elevane i si vidare utvikling og ønskjer å utvikle meir systematiske opplegg for dei. Hausten 2015 vart det starta opp eit talenttilbod i form av laurdagsskule. Tiltaket vart støtta av RFF og var eit samarbeid med Bø kulturskule/ Telemark folkemusikksenter. Tiltaket held fram i 2016 og er basert på eksterne tilskot.

**Kompetansesenter for folkemusikk** I budsjettarbeidet på Stortinget vart det gitt tilskot til etablering av 3 kompetansesenter for folkemusikk. Telemark og region Sør var ikkje blant desse. Ein ny organisasjon vart etablert tidleg på året 2015 Det vart og sendt søknad til Norsk kulturråd. Søknadene til Norsk kulturråd og Telemark fylkeskommune har ikkje gitt tilskot enno.

**Organisering av fylkeslaget.** Årsmøtet i 2014 vedtok å prøve ut ein meir direkte modell for å styrke samarbeidet mellom fylkesstyret og lokallaga. I hovudsak går det ut på at det formelle øverste styringsorganet er eit representantskap som består av alle medlemslaga. Dagens styre får rollen som arbeidsutval (AU) og førebur sakene til representantskapet i tillegg til å behandle hastesaker. (som representantskapet delegerer) Dagens vedtekter vert ikkje endra, men i ein 2-årig prøveperiode vert det gjort forsøk med ein representantskapsmodell.

## **6. Årsrekneskapen 2015**

Leggast fram på årsmøtet. Rekneskapsfører har vore Heidi Vege i Telemark kulturnettverk, og revisor har vore Harald Omnes. Rekneskapen inneheld eige prosjektrekneskap for UngFolk  
Rekneskapen finn du som vedlegg 4.

## **7.Arbeidsplan**

### **Prioriterte arbeidsoppgåver 2016**

- **Økonomi** Styret ønskjer å sette fokus på økonomien i fylkeslaget og i lokallaga for å sikre så gode rammevilkår som mogeleg.
- **Vår/haustkurs** – Vidareutvikle tilbodet på kursa slik at dei i større grad kan gje eit godt tilpassa opplegg for dei eldste deltakarane ved å tilby minst to nivå.
- **Fylkeskappleiken** – fordele og planlegge kappleiken for neste år
- **UngFolk** – Vidareutvikle UngFolk meir i retning av å vere også eit talenttiltak ved å tilby kurs for vidarekomne elevar.
- **Bygda dansar** – Bygda dansar vert avsluttan sumaren 2016. Årsmøtet og styret bør starte eit arbeid med tanke på å få vidareført tiltak for dansen i ei eller anna form, helst som eit permanent tiltak.
- **Talentutvikling** Arbeide for å få vidareført dette tiltaket med utgangspunkt i den vedtatte strategidokumentet for kultur og kulturav i Telemark fylkeskommune. Søke om midlar frå ulike instansar og samarbeide med kulturskular og frivillige aktørar om finansiering og gjennomføring.
- **Telemark folkemusikksenter** I samarbeid med fleire regionale folkemusikkaktørar arbeide for offentlege tilskot til drift av senteret. Utvikle senteret til å bli eit viktig service- og samarbeidsorgan også for dei frivillige folkemusikkaktørane i fylket.
- **8. Innkomne saker**
  - o Tevlingsreglement for Telemark folkemusikklag

## 9. Val

Leiar	Lars ErikØygarden	2 år
Styremedlem	Bjønn Rue	2 år
Styremedlem	Kjell Stundal	2 år
Vara	Gudrun Straand	2 år
Vara	Lars Ingar Meyer Fjeld	2 år
Vara	Ole Arnfinn Hagen	2 år
Revisor	Anne Tone Aasbø	2 år
Valnemnd	Rønnaug Larsen	2 år
Valnemnd	Aslaug Kostveit	2 år
Rekneskap	Heidi Vege TKN	*
THM	Torgeir Straand	2 år

## REPRESENTANTSKAPSMØTE

### Orienteringar, ordskifte, innspel og ev. vedtak

1. Ny nettside for TFL
2. Telemark folkemusikksenter
3. UngFolk 2016
4. Tiltak for unge talent
5. Tiljetakt – status- vidareføring?